

# VÅLDRESKVELVEN SPEL- OG DANSARLAG

50 år  
1962 - 2012  
Historisk oversikt



# VALDRESKVELVEN SPEL- OG DANSARLAG ANNO 2012!



*Foto: Nils Rogn*

Styret i Valdreskvelven bestemte seg tidlig for å få laget et jubileumshefte til 50-årsfeiringa. Det skulle være et historisk tilbakeblikk

Det er imponerende alt som har foregått i regi av laget i løpet av disse 50 årene! Her vi sitter i dag, kan vi kjenne på at det ikke er tid og overskudd til så mye fester og arrangement. Vi er heller ikke noe stort lag, bare 33 registrerte medlemmer nå i november 2012.

Men, det er liv i 50 åringen!

Barn og unge har alltid vært, og er fortsatt, ei viktig målgruppe for laget. I dag foregår så å si all opplæring gjennom kulturskolen. I 2012 er det én elev på langeleik, tre på torader, to på munnharpe og 10 på hardingfele! Det lover godt for framtida! Valdreskvelven si utfordring blir da å bidra til å gi elevene opplevelsen av å tilhøre et fellesskap med folkemusikk og – dans. Laget støtter og oppmuntrer til det ved å gi tilskudd til de som deltar på «Strunkeveko», kappleiker og andre arrangement, og vi leier ut og vedlikeholder instrument. I år kjøpte vi blant anna inn nye felekasser,

som kan bæres på ryggen, noe som er litt tøffere enn å bære i handa!

Et nytt tiltak vi starta med i 2011, var «Vangслеiken». Dette er en uformell kappleik eller mønstring, der folk som bor i Vang er hovedmålgruppa. Det er ingen bedømming slik som på en vanlig kappleik, og 1.premie trekkes blant deltakerne. Formålet er å bidra til å skape en lokal arena for folkemusikk. Samtidig introduserte vi «Sølvknappen». En støpt knapp i sølv fra «Høvda sølv og tre», som vi ønsker å gi til personer som har gjort en ekstra innsats eller oppnådd spesielt gode resultater i det året som har gått. Så har vi hedersprisen «Sylvfela». Den hedersprisen henger høyt og blir ikke tildelt hvert år.

Samarbeidet med Vestre Slidre folkedans- og folkemusikklag er godt, nå som før. De har faste danseøvinger der vangsgjeldingane er velkomne. Felegruppa, som ikke bare er feler lenger, men også trekkspill og kontrabass, bidrar med musikken. Og Nord-Aurdal og Øystre Slidre er også representert! «Samarbeid over grensene» er både morsomt og inspirerende, og kan kanskje være kilden til fortsatt livskraftige folkemusikkmiljø både her i Valdreskvelven spel og dansarlag og i andre lokallag!

**GRATULERER TIL 50 ÅRS JUBILANTEN!**

*Hilsen fra*

*Ingrid Skavhaug*

*Valdreskvelven spel- og dansarlag*

*Leder*

## LEIARARANE gjennom 50 år.

1962-1963: Ola Grihamar d.e.	1991-1994: Bjørg Berge
1963-1964: Knut Hemsing	1994-1996: Sigrid S. Eggen
1964-1969: Torgeir Havro	1996-1997: Jan Sparstad
1969-1983: Knut Hemsing	1997-1999: Guro R. Kvam
1983-1987: Nils Rogn	1999-2002: Nils Leine
1987-1988: Kari Hagaseth	2002-2007: Kari Hagaseth
1988-1989: Inger Paulsen	2007-2011: Ivar Hemsing
1989-1991: Nils Leine	2011 - : Ingrid Skavhaug

## ÆRESMEDLEMMER

*På 25-årsjubileet i 1987 vart desse æresmedlemmer:*

Knut Hemsing, Birger Bøe, Lars Wangensteen, Arvid Jacobsen Myhre,  
Andris Dahle, Sigbjørn Bernhoft Osa.

## SYLVFELLA

1993: Trygve Bolstad  
1994: Andris Dahle  
2002: Arvid Jacobsen Myhre  
2011: Tom Kjetil Tørstad

## Andre i laget som har fått utmerkingar

### SYLVKNAPPEN

2011: Tora Skavhaug Vik, Laura Ellestad  
og Kristian Fredriksen

### TORLEIV BOLSTADS MINNEPRIS

1994: Nils Oddvar Hagen

### DRØMMESTIPEND

2011: Ole Kristian Fredriksen

*Foto på framsida: Det fyrste spelemannslaget i 1962. Fremst frå venstre: Arvid Jacobsen Myhre, Torgeir Havro, Ola Grihamar d.e., Eirik Steine Riste, Andris A. Dahle. Bak frå venstre: Harald Fylken, Lars Bjercke, Kristian Husaker, Sigbjørn B. Osa, Ola Fylken, Lars Wangensteen*

*Foto på siste sida: Styret i Valdreskvelven for 2012. Frå venstre: Jan Sparstad, Oddbjørn Skeie, Jørgen Andrisson Kvam, Ingrid Skavhaug, Ivar Hemsing*

Tekst: Bjørg Berge, Kari Hagaseth, Nils Rogn, Nils Leine  
Logo: Tordis Leine Halvorsen, 1989

# FELESPELET

Vang har ein lang og stolt tradisjon i hardingfelespel.

Vi kan nemne namn som Helge Høverstad, Lars Mikkjelsson Krøsshaug, Knut Nordland, Trond Eltun, Ola Søyne, Andris Teigen, og det er mange fleire. Desse vil for alltid vera knytte til felemusikken i Vang.

Den tida då desse levde, på 17- og 18-hundretalet, og i svært mange år etterpå, var det ikkje organisert noka opplæring, og dei som ville læra spel måtte oppsøkje ein spelemann.

*«Ifrå gamalt va det nøk øfto at ei 2-3 felespelara øvde inn slåtta i fellesskap o spelte i festlige samver både te underhaldning o dans. Men e ha alder høyrte at dei hadde noko navn på sleke småvørne lag o heldan inkji at dei hadde noko faste øvinga. –Det va nøk helst noko dei berre gjorde ner det fall se slek.»*



Foto: Nils Rogn

*Knut Hemsing vart æresmedlem i 1987  
Kari Hagaseth overrekkjer prisen*

Slik startar Knut Hemsing sitt overblikk over Valdreskvelven spelemannslag. I 1962 var det spelkurs på Ølken i Vestre Slidre med Sigbjørn Bernhoft Osa. Der vart Valdreskvelven stifta. Og Knut Hemsing skriv: *«Då var han Sigbjørn snøgge te o ta fela o tonad'n tå dei gamle velkjende springarare: Valdriskvelven fløynde ut. No var det ingen so va i fundering lenger, - nøtte var knekt, - o laget hadde fått eit gøtt navn: Valdreskvelven Spelemannslag».*

Ola Grihamar d.e. vart fyrste formannen i laget, og om han skriv *Rolf Myklebust* i boka *«Femti år med folkemusikk»*: *«Ola Grihamar vart fødd 6. juni 1910 i Skogstad i Vang. Han tok til å spela då han var 13 år. Han gav straks inntrykk av å vere ein spelemann med innhald i musikken sin. Der fanst ikkje overflatisk kling-klang, det var musikk med sjel og kjensle. Lydarslåttane hadde Grihamar spesielt godt tak på. Og så visste han kva han spelte, kjende spelemannstradisjonen og hadde alltid noko å fortelje i samband med slåttane.»* Ola Grihamar hadde sitt spel frå fleire kjelder. Olav Moe, Ivar Ringestad og spelemenn frå Sogn var viktige kjelder, samt alle dei spelemennene som budde i Øye .

Det vart såleis ein svært god spelemann som vart den musikalske leiaren i laget frå fyrste stund. Dette resulterte i mange speleoppdrag, både lokalt og i NRK. Det var ein fast gjeng som møttest i laget, alle spela hardingfele. Men så kom det nye krav til musikken, og trekkspel, og seinare kontrabass kom til.

Dei spelemennene som fyrst var med i laget hadde alle sin tradisjon å byggje på, sjølv om det nok var mykje overlapping. Men dei hadde sin personlege stil og kunne alle tilføre laget noko. Ein kan nemne brørne Boye og Lars Wangensteen, Arvid Jacobsen Myhre og Birger Bøe. Desse hadde stor innverknad på utviklinga av spelet. Vi hugsar godt «Laget hass Arvid» frå den seinare tida, der han samla rundt seg dei yngre kreftene i Valdreskvelven.

Ola Grihamar overlet snøgt leiarvervet til Knut Hemsing. Knut var sterkt engasjert i laget og musikken, og då det tok til å bli mindre aktivitet skjøna han at ein måtte gå nye vegar for å få rekruttert spelemenn.

Hausten 1981 vart det difor sett i gang kurs i hardingfelespel for nybyrjarar. Dette gjekk føre seg i Thorpe skulehus, og Trygve Bolstad var lærar. Her fekk nokon av oss den fyrste innføringa i ein mystikk og ein musikk som var ukjend, men som fengsla slik at den har vore ein svært viktig del av livet sidan den tid. Trygve har eit særprega dâmrikt spel, og han formidla det til elevane på ein humoristisk og pedagogisk god måte. Dette kurset var starten på det som etter kvart skulle bli Valdreskvelven spel- og dansarlag.

Trygve tok med seg eldre spelemenn på dette kurset, og der var også det fyrste møtet med blant andre Andris Dahle. Han vart seinare medlem i laget, og han fekk tildelt heidersprisen «Sylvfela» i 1994.

## Opplæring

Trygve vart ein viktig person for felemusikken i mange år. Då musikkskulen kom i gang, vart han fast lærar, og som distriktsmusikar hadde han og dei andre musikarane mange oppdrag på skular og tilstellingar. Andre gode spelemenn vart også engasjerte og vi hadde spelkurs med Andris Dahle, Tore Bolstad og Bente Ingholm.

Då Spel- og dansarlaget kom i gang, engasjerte vi Sigbjørn Berhoft Osa som kursleiar, og seinare har vi hatt besøk av Leif Rygg, Knut Hamre og Arne Sølvsberg, for å nemne nokon.

Dei siste åra har Laura Ellestad vore ei viktig drivkraft i laget. Ho har leia øvingane og inspirert til deltaking på stemne og dansetilstelningar.

## Konsertar

På 80- og 90-talet var det fleire oppdrag der spelemennene deltok på konsertoppdrag i kommunen. Dette skjedde ofte saman med andre utøvarar i song, langeleikspel og dans.

## Andre speloppdrag

Etter at Valdreskvelven hadde fått eit nytt liv, vart det etterspurnad etter spel. Det var



*Foto: Nils Rogn*  
Sigbjørn Berhoft Osa instruerer Gudrun Helene Lunde i 1983

lokalt på gamaldansstafetten, og som innslag på møter og til dansespel. Men ei av dei store hendingane for laget var då laget spelte til dans på Landsfestivalen på Geilo i 1986. Der vart det stor applaus og det var stor stemning i salen. Valdreskvelven hadde i mange år den store æra å avslutte JørnHilme-stemnet på sundagskvelden.

## Kappleikar

Kappleiksspel har det også vore. Alt på 60-talet var spelemannslaget godt representerte på Landskappleikane. Lars Wangensteen, Ola Grihamar d.e. og Ola Grihamar d.y. var alle i A-klassen.

Etter 1983 er det særleg syskenflokken Hagen, Ola Norvald, Nils og Gina Ingeborg som har delteke, saman med Arvid J. Myhre. Men det har også vore spreidd deltaking av andre, som Nils Wangensteen, Nils Leine, Astrid Leine, Tora Vik . Dei siste åra har Jørgen Kvam og Jan Sparstad delteke.

Laget har stilt opp på mange kappleikar lokalt. Det held seg også i dag mykje til det same repertoaret som vart brukt frå starten. Det er kome til spelemenn frå heile Valdres, og mykje av æra for at det er så stor aktivitet i laget og i lagspelet har Laura Ellestad og Ivar Hemsing.



*Valdreskvelven har dei siste åra på same måten som for 50 år sidan, hatt med spelemenn frå andre delar av Valdres.*

*Her frå dansespel i Vestre Slidre.*

*Frå venstre: Randi Før, Odbjørn Skeie, Geir Harald Fodnes, Knut Biribakken, Nils Leine, Ivar Hemsing, Jan Sparstad og leiaren for gruppa, Laura Ellestad*

## DANSEN

Det var interessa for musikken og hardingfela som i 1962 førte til danninga av Valdreskvelven spelemannslag. Dei som brukte musikken, dansarane og lyarane, var ikkje medlemmer i laget.

Dei 10 frå Vestre Slidre og Vang som var med dei fyrste åra, hadde nok stor glede av å koma i lag og utveksle og lære låttar. Eit resultat av dette vart engasjement til konsertar, dansespel og lydopptak for radioen.

### Tid for spel- og dansarlag

Utover på syttitalet vart det vanlegare å inkludere andre folkemusikkinstrument og dansarane i slike lag, og i 1983 var tida moden for å gjera spelemannslaget om til Valdreskvelven spel- og dansarlag. Det var då ein del folkemusikk- og danseinteresserte ungdommar som hadde kome til Vang, Dei ivra for eit slikt lag, og karane i spelemannslaget var ikkje uviljuge. Dei såg vel at det var nødvendig med ei viss fornying.

### Litt historikk

I Vang er det opp gjennom tidene fleire dansarar som har utmerka seg, både innan bygdedansane og rund-dansen. Så lenge det finst spelemenn finst det også dansarar! Det var fyrst og fremst gjennom ungdomslaga at danseopplæringa og dansemiljøet føregjekk. Med utgangspunkt i spelemannslaget hadde det også gjennom kulturkontoret blitt starta opp ein «Gamaldansstafett» som gjekk på rundgang i dei fire



*Sivert Andreas Holmen og Tora Skavhaug Vik.  
Tora vart den yngste som dansa seg opp i klasse A  
gjennom tidene*



*Barnedansansrningen under leiing av, frå  
venstre, Marit Bakken og Karin Trøen*

krinsane i kommunen.

## **Fyrste året**

I fyrste arbeidsåret til det nye spel- og dansarlaget vart det skipa kurs i både halling og springar. Konserten «Og så var det dans etterpå» passa godt som eit fyrste større arrangement, i lag med kulturstyret og Rikskonsertane. Gamaldansstafetten vart vidareført med fire arrangement.

## **Medlemsfestar**

Medlemsfestar vart det snøgt teke initiativ til, og Hugali var fyrste møteplass. Meir enn 70 frammøtte fekk både traktert seg, og lytta og dansa til fele- og trekkspeltonar på desse kveldane. Også på Tyinkryssset, Mjøsvang og Haukåsen har medlemmene samlast til festleg lag.

## **Kurs**

Kurs- og opplæring var og er ei av hovudoppgåvene til spel- og dansarlaget. Springar og halling har vore hovudsatsinga, med lærereistrar som Knut Steinsrud, Olav Steinsrud, Jørgen Trøen og Ingar Ranheim i tillegg til eigne krefter. Runddansen har blitt terpa på med jamne mellomrom, både på eigne kurs og som ein del av dansearrangement. Laget har dessutan gått litt utradisjonelle vegar, og arrangert kurs i både pols, tango og swing.

## **Asylsøkjjarar**

I 1986 kom det iranske asylsøkjjarar til Vang. Her tok spel- og dansarlaget raskt kontakt for å få til litt kulturutveksling. Det vart ein vellykka kveld som viste at tradisjonar i folkemusikk- og dans er sterke. Iranarane imponerte med sin song og dans, og dei fekk eit innblikk i våre lokale tradisjonar. Det var starten på fleire felles arrangement, mellom anna var 10-12 av asylsøkjjarane med på medlemsfesten på Tyinkryssset det året.

## **Skulen**

I samband med at Vang skulle få musikkskule i 1986, arrangerte me eit to-timars opplegg med lokale tradisjonar i barnehagane og småskulen i alle fire krinsar. Tanken var at det kunne stimulere dei unge til å velje folkemusikkinstrument i musikkskulen. Eit forsøk på å lage eit valfag i folkemusikk/-dans for 7. klasse samla berre fire interesserte og måtte gå ut. Skulekonsertar med framsyning av springar og halling hadde me fire av i 1988. Dette året kom det i gang ein barnedansarring i samarbeid med musikkskulen. Heile 40 born mellom 4-12 år deltok. Tiltaket heldt fram nokre år framover. På mønstringskonserten som musikkskulen arrangerte kvar vår, hadde laget eit fast innslag, ofte med dans. Gamaldansstafetten tok til å minke i opplutning i 1988, men vart gjennomført med to arrangement.

## **Småbukkar og Killingar**

I 1995 vart det starta med halling for born, noko som fort viste seg å vera svært populært. Småbukkadn, som dei eldste kalla seg, gjorde stor suksess på Ungdommens kulturmonstring i 1998, og kom vidare til fylkesfinalen på Lillehammer. Det same



gjentok dei året etter, fylkesfinalen var då på Gjøvik. Som eit resultat av innsatsen, fekk dei vera norske representantar på Ung i Norden som var i Finland i august 1999. Fleire oppdrag følgde, med dans under opninga av ski-NM i Skrautvål og for Valdres Samband sitt hundreårsjubileum på Fagernes, som noko av det største. Arvtakarane Killingadn gjorde det også bra, her stod eit par Småbukkar for mykje av opplæringa.

### Kappleikar

På Lokalkappleiken og Jørn Hilme-stemnet har fleire frå laget delteke i dans. I 1999 og 2000 vart det stilt eige lag i lagdans. Seinare har fleire frå laget delteke med andre lag, fyrst og fremst med vestre-slidringane. På Landskappleiken deltok nokre av dei unge dansarane i eit felles valdreslag i 2000. I 2007 slo Vang og Slidre seg saman, og fekk ein 5. plass i lagdans. Beste prestasjonen i dans i kappleikssamanheng er det Silje Onstad Hålien og Tora Skavhaug Vik som har. Begge har toppa klasse B i dans hardingfele, og er no A-dansarar.

### Valdresmiljøet

For desse unge har det gode, felles valdresmiljøet betydd mykje for at dei har halde fram med dansen. Både gjennom yngretreff, Strunkeveko og valfaget Tradisjonsddans på vidaregåande skule, har dei hatt fine møteplassar. Også ved prosjektet Bygda dansar med den treårige «Lea de» satsinga i Oppland fylke har fleire vore med.



Foto: Nils Rogn

*Halgrim Rogn, i lufta, og Knut Lerhol er på slutten med «å vega salt» mens Endre Skavhaug Vik fylgjer spent med i bakgrunnen. Frå UMK 1999 på Fagernes.*

### VÅRFESTANE PÅ VENNIS

var svært vellukka, på alle måtar.

Eitt år var det folkemusikkgruppa for Valdres som hadde ansvaret, og mange andre tok del, blant anna Andris Dahle.

Seinare år kom Håkon Høgemo, og dansespel hadde Full Rulle kontrollen med.

Desse vårfestane var flotte kulturarrangement i vidaste forstand, tilrettelagt og gjennomført i samarbeid med kulturkontoret, Åsvang 4H og positive «Vennisa».

### LOKALKAPPLEIK/ RUNDANSSTEMNE

1983: Lokalkappleik på VBU

1989: Lokalkappleik på Åsvang

1992: Runddansstemne på Åsvang

1995: Lokalkappleik på Åsvang

2001: Lokalkappleik på Åsvang

2006: Lokalkappleik på Åsvang

2010: Valdreskappleiken på Åsvang

## LANGELEIKEN

Langeleiken har lange og stolte tradisjonar i Vang, det er nok å nemne Berit Toresdatter Skjefte, eller Berit på Pynte, som ho vart kalla i daglegtale. I år er det 200 år sidan ho vart fødd. Ho gav inspirasjon til Edvard Grieg, og L.M.Lindemann skreiv opp låttar etter henne.

Den største kjelda for dagens langeleikutøvarar i laget er nok Barbro Myhre. Ho lærde som småjente spel av Vilhelm Wangensteen Haugen, og brukte langeleiken mykje i vaksen alder.



*Foto: Nils Rogn*  
*Bjørg Berge har vore den drivande krafta i langeleikspelet i Valdreskvelven*

Ho spelte inn ei mengd låttar, både for folkemusikkarkivet på Fagernes og for NRK. Mange av desse har danna grunnlaget for dagens langeleikspel i Vang.

### **Samarbeid med musikkskulen**

Langeleiken var ikkje mykje med i Valdreskvelven dei fyrste 25 åra. Noko meir «fart i snerten» vart det då Vang kommune etablerte musikkskulen. Rektor Gunnar Baden tok vel imot folkemusikken og sørnga for gode vilkår og ordna arbeidstilhøve både for lærarar og elevar. Utan dette tilbodet er det uvisst om langeleiken har stått like støtt i laget. Det vart sett til at når elevne var på speleoppdrag eller deltok på kappleikar, så representerte dei ikkje berre musikkskulen, men også Valdreskvelven spel og dansarlag.

Sidan langeleiken kom inn i musikkskulen hausten 1987 har Kari Hagaseth, Oddrun Hegge, Turid Berge og Bjørg S. Berge ført tradisjonen vidare, og mange har fått opplæring i langeleikspel, Kronåra var mellom 1990 og 2000 då instrumentet var veldig populært i heile Valdres, og elevtalet varierte mellom 7 og 10.

Mange ungar, flest jenter, lærde å setje pris på instrumentet og musikken desse åra. Nokon syntest dei kunne nok etter eit år eller to i kulturskulen, men har vonleg glede og gode minne frå tida som langeleikspelar. Andre har teke musikken med inn i vaksenlivet og brukar instrumentet offentleg, privat og i eigne yrke.

Speleoppdrag og deltaking på kappleikar har det vore mange av desse åra, både lokalt i Vang og vidare. Langeleiken, - med ulike utøvarar var faste og populære innslag på kulturkveldar, kyrkjekonsertar, mønstringskonsertar, utstillingar i og utanfor kommunen. Som Gunnar Baden sa etter ein elevkonsert ein gong: «Langeleiken er alltid en sikker vinner».

## Gullalderen

1987 var eit aktivt år for langeleiken. I februar prøvde tre utøvarar seg med dansemusikk på ein gamaldansfest på Åsvang, «med brukbart resultat» stod det i årsmeldinga. Kan det ha vøre Kari Hagaseth, Endre Hemsing og Bjørg Berge, tru? I april var det langeleiktreff på Åsvang i regi av «Prosjekt langeleik». Ni utøvarar lærde spel etter Barbro Myhre. 3.-5. juli deltok Anni Karin Dahle og Bjørg Berge med samspel på «Høgfjellsstemne på Eidsbugarden». Oddrun Hegge hadde kurs i langeleikspel og det var samling i Hugali med god deltaking. Ellers var langeleiken med på diverse kulturutvekslingar med asylsøklarar på Nystuen og Tyin.

Alt som kunne krype og gå av langeleikspelarar i Valdres stilte opp då verdas største langeleikorkester vart mønstra til opninga av Landskappleiken på Fagernes i 1992. Valdreskvelven hadde omlag 10% av dei 124 deltakarane.

Jorun Remmen, Ingvild Oldre og Sigrid Marie Berge var eit team som vart mykje brukt. Dei spelte mellom anna i Gamle Kvam ved fleire høve, og på opninga av Per Aabel si måleriutstilling på VBU. Desse tre var med på Vang kommune si fine mønstring på Lærdalsmarken i 1994.

I 1995 vart cd-en Levande Langeleik gjeven ut, med Bjørg S. Berge som ein av utøvarane, og med vangs musikk på. Produksjonen vart økonomisk støtta av laget og kommunen. Den vart også nominert til Spelemannsprisen. Som takk for støtta til produksjonen inviterte utgjevarane til ein godt besøkt konsert på Åsvang våren etter.

Rett etter at Ambjørge og Kjell Hagerup hadde overteke Øylo Gjestgiveri fekk Valdreskvelven høve til å invitere til langeleikkonsert. Der deltok Sigrid, Jorun, Ingvild, Trond Kittelsen, Jan Sparstad og underteikna. Styret serverte kaffe og kaker, Kjell viste rundt, langeleiken let i fleire rom og folk kosa seg.

Eit anna radarpar var Ragnhild Leine og Turid Berge. Dei vann gruppespel junior på landskappleiken på Kongsberg i 1998 og spelte på meisterkonserten, - med eit heilt håplaut lydanlegg. I 2000 vann Turid juniorklassa under landskappleiken på Voss. Ho spelte også under meisterkonserten, med perfekt lyd. Same året deltok ho på Ungdommens kultur mønstring på Fagernes. Saman med Åshild Håvelsrud spelte ho Tusselåtten og med den gjekk dei vidare til fylkesfinalen. Ho spelte òg Trumpen hass Trond i lag med Ola Hilmen på hardingfele. I referatet i Valdresen etterpå sto det: «den hjemvendte sønn fra Gjøvik spilte Trumpen hass Trond meget bra, Turid Berge spilte også.

Turid spelte på fylkesårsfesten til Oppland 4H på Honne same året.

I 2006 spelte Anna Ødegården på Honne ved plakettutdelingsfesten for 4H.

Då Secret Garden hadde konsert i Vang var Anna Ødegården, Anne og Astrid Eidsaa Hamre «oppvarmingsband», ei oppgave dei klarte med glans.

I august 2008 heldt «systrene Steinsrud» og Stein Villa konsert i Vang kyrkje med song og gitar, harpe, fløyte og langeleik. Etterpå var det hyggeleg samling i prestegardshagen og grilling på stranda i solnedgangen.

Under kongebesøket i Vang i 2010 spelte Solveig Vatn Weisser langeleik utanfor Vangstunet.

Dei siste åra har Anne Heidi Kvam Hillestad vore den som har brukt langeleiken mest offentleg i Vang.

### **Domargjering**

Kari Hagaseth og Bjørg Berge har vore mykje brukt som dommarar i langeleikspel, særleg på lokalkappleikar, men og på Hilmestemne og landskappleik

### **Strunkeveko**

Den starta i 1997 og er eit populært og nyttig tilbod til unge utøvarar, både sosialt og musikalsk. Mange langeleikspelarar frå Valdreskvelven har vore der, både som elevar og instuktørar, - eller begge deler.

**Norsk Langeleikforum** vart stifta på Fagernes i 2009 og den fyrste leiaren var Turid Berge, - frå Valdreskvelven.

Det lovar godt for framtida til langeleiken i Vang at Solveig Vatn Weisser vann juniorklassa på Landskappleiken på Otta i juni 2012.

---

## *Kulturskulen og folkemusikkopplæring*

Då musikkskulen starta opp i Vang i 1986 var Trygve Bolstad godt i gang med feleelevar i regi av Valdres folkemusikklag og det var naturleg at arbeidet held fram i musikkskulen. I 1987 kom langeleiken med i tilbodet. Desse to instrumenta har sidan vore faste tilbod kvart år. Kulturskulen har sidan hatt fleire tilbod innan tradisjonsmusikk: Ei tid var det barnedansarring, eit anna år stod tradisjons song på menyen.

Kulturskulen og Vang kommune har støtt vore velviljuge overfor Valdreskvelven og vårt arbeid. Det har vore lett å få tilbod inn i kulturskulen. Kulturskulen har bidrege til at fleire har fått ein smak av vår rike folkemusikktradisjon og den har gjeve auka rekruttering til tradisjonsmusikken.



*Musikkskulen 5. november 1994 Foto: Olav Robøle, avisa Valdres*

## DUR SPELET

Torader- eller durspelet har lange tradisjonar også i Vang. Då det kom i bruk i siste halvdel av 1800-talet, tok det opp konkurransen med fela, som til då hadde vore det viktigaste dansemusikkinstrumentet. Det gav ein kraftigare lyd og det vart spelt populære danselåttar. Den gamle slåttemusikken kom noko i bakgrunnen. Ganske snart tok durspelet likevel opp springar og laus på repertoaret. Alle musikkinteresserte vangsgjeldingar kjenner springaren «Sputreføssen».

Då Valdreskevelven vart spel- og dansarlag, kom det snøgt fram ynskje om å ta med durspelet i laget også. Steinar Grøv vart styremedlem i 1984, og han vart snøgt leigd inn som lærar i musikkskulen då den kom i gang. Nemnast må også Torleif Havro og Kjell Gudmund Svien. Alle tre naboane er gode spelemenn og var med frå starten. Torleif Havros «Valsen til Edny» er ein ofte spelt lått i radioen.

Etter ei tid kom «Grindabelgen» i gang. Dette var ei kvinnegruppe som spelte torader og gitar, og dei vart snøgt ei ettertrakta gruppe til dansespel. Dei er framleis aktive under leiaren sin Bjørg Elida Lerhol.

Då hallingen Øystein Nikolaysen flytte til kommunen, vart det eit ekstra lyft for durspelet. Han var blant dei beste spelemennene i landet. Han stimulerte interessa for spelet i Vang, og mange nye spelemenn såg dagens lys.

Tom Kjetil Tørstad gjekk i lære hjå han, og etter kvart vart han like god som læremeisteren sin. I gruppa «Full rulle» har han hatt ein svært viktig plass saman med kona si, Monica Litangen. Tom Kjetil fekk sylvfela i 2011 for sitt framifrå arbeid for musikken. Han har også fått kongepokalene.

Ole Kristian Fredriksen har gått i lære hjå Tom Kjetil og var i 2011 ein av dei som fekk Sølvknappen for sin innsats på torader. Same året vann han Drømmestipendet, som er eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk kulturskoleråd og Norsk Tipping. Dette er ein pris som heng svært høgt.

Det er grunn til å sjå med forventning på framtida til toraderspelet i Vang.



Foto: Nils Rogn

*Ole Kristian Fredriksen fekk Drømmestipendet og han spelar her i Heensåsen kyrkje. Det har vore stor utvikling i musikken og i synet på durspelet dei siste 25 åra*

## SONG I VALDRESKVELVEN OG LITT ANNA...

Vang har hatt mange tradisjonsberarar av den gamle songskatten. Nennast kan mellom anna tre sysken Lajord, Ingebjørg Lajord Hamre, og Sigrid og Knut Lajord, Karen Nordland og Torgeir Havro, som også var sysken, Guri Skøre, Ola Oldre Hamre og Olga Sparstad. Desse, og fleire til, finn me opptak av i folkemusikkarkivet på Valdres folkemuseum. Me har også mange skriftlege nedteikningar.

I oktober 1980 var det ei samkome i Vang der den gamle songtradisjon i Valdres stod i fokus. I tillegg til lokale tradisjonsberarar og andre interesserte var det ein gjesteinstruktør og inspirator frå vest til stades, Ragnar Vigdal.

Framover på 80-talet vart det halde fleire samlingar/kurs i song/stevjing, som til dømes på Gamlestølen turistsenter i Etnedal, der Folkemusikknemda for Valdres bad inn. I innbydinga står det mellom anna: «Tanken er at ein del av desse gamle songane, salmane, bådnullane og slåttesteve kan bli liv laga, og bli til hugnad for sangglade valdrisar og andre.»

### Samspelgruppa Merg o Bein

I 1985 starta det opp ei samspelgruppe i laget. Teaterlaget i Vang skulle ha ein underholdningskveld, og bad om litt «ny» underholdning frå Valdreskvelven. Dette vart eitt fint «puff» som førde til at sju interesserte kom saman til øving! Desse sju var: Inger Sørum, fløyte og song Anne Lajord Belsheim og Kari Hagaseth song, Nils Leine og Nils Oddvar Hagen på fele, Jon Eggen kontrabass og bukkehorn og Ivar Hemsing på trekkspel. Gruppa, som periodevis hadde det klingande namnet Merg o Bein, hadde mange lokale



*Merg o Bein opptrer på Leinesanden i 1994  
Frå venstre: Ivar Hemsing Nils Leine, Kari  
Fagersand, Anne Lajord Belsheim, Kari Hagaseth  
Foto: Helge Gudheim, avisa Valdres*

oppdrag! Antal medlemmer i gruppa kunne variere litt frå tid til anna, og Kari Fagersand kom etter kvart med på fløyte og song.

Valdreskvelven, i samarbeid med Vang skulestyre, arrangerte kurs i vokal folkemusikk til skulebruk. Stein Villa frå Gjøvik var ein svært inspirerende og praktisk retta instruktør, og 30 personar frå heile Valdres deltok ein dag i januar på Høre skule, i 1993 var det! Dette kurset var også ei kjelde til inspirasjon for samspelgruppa, som med friskt mot held fram med øvingar utover i 1993 og 1994, då dei bl.a. var

med på Vårkonserten på Vennis og Lærdalsmarken.

## Dansarringen

I 1988 starta det opp med barnedansarring og Marit Bakken som instruktør. Dette var eit samarbeid mellom Valdreskvelven og musikkskulen. Andre instruktørar var Sigrid S. Eggen og Nils Oddvar Hagen. Frå 1992 hadde Ingrid Skavhaug og Kari Hagaseth ansvaret for dansarringen til eit stykkje innpå 2000-talet. Den lokale songtradisjonen var ein viktig del av innhaldet, i tillegg til leik og dans. Borna bidrog bl.a. med song på lokalkappleik på Åsvang. Dei deltok på barnekonserteren på landskappleiken på Fagernes i 1992, og ikkje minst vart dei aktørar på Andris Vang-kassetten. Dansarringen var ein aktivitet som rekrutterte fleire born og ungdomar til Strunkeveko på Leira.

## Andris Eivindson Vang-jubileum

I 1995 var det 200 år sidan Andris Eivindson Vang vart fødd, og dette førde til ei brei jubileumsfeiring. Vang kommune, saman med fleire aktørar skulle stå for jubileet. I april 1994 starta det opp eit songkurs med Bente Hemsing som instruktør. Instruksjon og innøving på kurset skulle ende opp i produksjon av ein kassett. 21 songar etter den store songkjelda til Ludvig M. Lindemann vart spelt inn på Valdres folkemuseum i mars 1995! Med på kassetten var Dansarringen (14 ungar frå Åsvang krins), der songane var innøvd av Kari Hagaseth, og Purrebeadn (14 vaksne songarar frå Vang) med innøvdde songar av Bente Hemsing. Sist men ikkje minst så deltok også ni solistar på kassetten. Purrebeadn, Anne Lajord Belsheim og Kari Hagaseth stod for songinnslag på kyrkjekonserten den 21.5. Purrebeadn var også med på skulekonsertane den 2.5., og på sjølvaste jubileumsfesten på Vang barne- og ungdomsskule den 27.5. 1995.



*Kari syng og Ruth Wilhelmine Meyer fylgjer interessert med*

Gruppa Merg o Bein, som starta opp i 1985, hadde som før nemt fleire oppdrag i lokalsamfunnet desse åra, og Purrebeadn, som kom til i 1994, fekk også oppdrag både i og utanfor Vang.

1000-årskonserten heldt Vang kommune i Høre. Der var songgruppa med, men etter den tid har aktiviteten vore svært sporadisk.

2004: To grupper med songarar var «oppvarmingsband» for Odd Nordstoga (ei gruppe med ungar, og ei gruppe med vaksne) og innsynging av jula i Heensåsen kyrkje.

Agnes Buen Garnås heldt songkurs i Tørpeskulehuset i april 2000.

Hausten 2004 og 2005 hadde Valdreskvelven diverse aktivitetar på Åsvang for

born og ungdom. Der skjedde det mykje. Det var ulike dansar, som halling, runddans, songleikar og turdansar. Og det var langeleikspeling, SONG og saft og kaker! Instruktørar her var: Endre Skavhaug Vik, Hallgrim Rogn, Anne Lajord Belsheim, Ingrid Skavhaug, Kari Hagaseth, Andris Kvam og Nils Rogn.

Både Kari Hagaseth og Anne Lajord Belsheim blir også i jubileumsåret mykje nytta som songarar. Nemnast må også Jan Sparstad som dagleg er ein aktiv songar, og både Kari og Jan deltek ofte på kappleikar.

---

Det har vore 50 svært interessante år, og gode år for alle dei som har fått oppleve fellesskapet og den rike kulturskatten som laget forvaltar.

Nedanfor har vi eit ferskt bilete av styret. Dei er optimistiske og fulle av pågangsmot til å ta fatt på nye oppgåver.

Følg med på heimesida til laget! <http://valdreskvelven.no>

